

Sak 01/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent

Sak 02/24: Godkjenning av møteprotokoll frå representantskapsmøte i Sogndal 27.10.23

Tilråding:

Møteprotokoll frå representantskapsmøtet 27.10.23 vert godkjent

Dokument:

Møteprotokoll 27.10.23

Sak 03/24: Val av to til å skrive under møteprotokoll saman med møteleiar

Tilråding:

Saka vert lagd fram utan tilråding

Sak 04/24: Godkjenning av årsmelding og årsrekneskapen for 2023 samt disponering av underskot

Tilråding:

Styret rår representantskapet til å gjera fylgjande vedtak:

- 1. Årsrekneskapen for 2023 vert godkjent*
- 2. Underskotet på kr 4.717.768 vert disponert slik;
Overført frå fond for hushaldningsrenovasjon kr 7.322.105
Overført til fond for slamrenovasjon kr 591.149
Overført til anna eigenkapital kr 2.013.188.*
- 3. Årsmeldinga for 2023 frå styret i SIMAS IKS vert godkjent*

Dokument:

Vedlegg: Årsmelding 2023
Konsernrekneskap for 2023
Årsrekneskap 2023 for SIMAS IKS

Sak 05/24: Melding frå revisor

Tilråding:

Styret rår representantskapet til å gjera fylgjande vedtak:

- 1. Melding frå revisor vert godkjent.*

Dokument:

Vedlegg: Revisormelding

Sak 06/24: Val av styremedlemer, varamedlemer, leiar og nestleiar

Tilråding til vedtak frå valnemnda:

Valnemnda legg fram framlegg til nytt styre.

Utgreiing:

Noverande styre:

Styret:

- | | | |
|--|----------------------|--------------|
| • Torunn Hønsi, Luster kommune | vald for 2022 – 2024 | på val |
| • Terje Bakke Nævdal, Luster kommune | vald for 2023 - 2025 | ikkje på val |
| • Jøril Hovland, Sogndal kommune | vald for 2023 – 2025 | ikkje på val |
| • Ståle Øvstetun, Årdal kommune | vald for 2022 – 2024 | på val |
| • Birgit Lervik, Lærdal kommune | vald for 2022 – 2024 | på val |
| • Åge Skrede, Sogndal kommune | vald for 2022 – 2024 | på val |
| • Marianne Ovridd, tilsettere representant | vald for 2022 – 2024 | på val |

Varamedlemmer til styret:

- | | | |
|--|----------------------|--------|
| • Bjarne Larsen, Vik kommune | vald for 2022 – 2024 | på val |
| • Sigurd Vikesland, Aurland kommune | vald for 2022 - 2024 | på val |
| • Grethe Kristin Leirdal, Luster kommune | vald for 2022 – 2024 | på val |
| • Sandra Lien, tilsettere representant | vald for 2022 – 2024 | på val |
| • Sandra Lien, tilsettere representant | vald for 2024 – 2026 | |

Styreleiar:

- | | | |
|--------------------------------|----------------------|--------|
| • Torunn Hønsi, Luster kommune | vald for 2023 - 2024 | på val |
|--------------------------------|----------------------|--------|

Nestleiar:

- | | | |
|--------------------------------------|----------------------|--------|
| • Terje Bakke Nævdal, Luster kommune | vald for 2023 - 2024 | på val |
|--------------------------------------|----------------------|--------|

Tilsettere representant i styret:

- | | | |
|-------------------|----------------------|--------|
| • Marianne Ovridd | vald for 2022 – 2024 | på val |
| • Jørn Mortensen | vald for 2024 - 2026 | |

Sak 07/24: Godtgjersle til styre og klagenemnd

Tilråding til vedtak frå valnemnda:

Valnemnda legg fram framlegg til forslag for honorar for styret og klagenemnd.

Utgreiing:

Noverande godtgjersle:

1. Medlemer og varamedlemer i styret og klagenemnd har rett til å få ubetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt, eller for utlegg til vikar. Denne summen kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle. Tap/utlegg skal legitimerast, og må stå i rimeleg høve til medgått tid. Tap i påreknna overtid, eller anna ekstrainntekt, kan ikkje erstattast.
2. Personleg næringsdrivande har rett til å få ubetalt vederlag for tapt inntekt per møtetime. Satsen vert 600 kroner per time og maks 7,5 timar per dag. Satsen til personleg næringsdrivande vert indeksjustert årleg, i tråd med generell lønsutvikling (SSB-tal)
3. Godtgjersle til styret

Fast årleg godtgjersle styreleiar	kr 70.000
Fast årleg godtgjersle nestleiar	kr 12.600
Fast årleg godtgjersle styremedlemmer	kr 5.565
Møtegodtgjersle	kr 1.155
Møtegodtgjersle varamedlem	kr 1.680
Udokumentert tapt arbeidsforteneste	kr 1.200
Dokumentert tapt arb.forteneste, inntil	kr 600 per time

<u>Godtgjersle til klagenemnd:</u>	
Møtegodtgjersle	kr 1.155
Udokumenter tapt arbeidsforteneste	kr 1.200
Dokumentert tapt arbeidsforteneste	kr 600 per time

Møtegodtgjersla dekker møte, reise og førebuingar. SIMAS IKS har ei øvre grense på dokumentert tapt inntekt på kr 2.300,- pr møte. Dersom møtet varer i fem timar vert det om lag 460 kr/t.

Sak 08/24: Revidert investeringsplan 2024-2027

Tilråding til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak;

1. *Revidert investeringsbudsjett for 2024 vert vedteke*
2. *Revidert investeringsplan for perioden 2024-2027 vert vedteken*

Utgreiing:

Investeringsbudsjettet for 2024 vart vedteke i styret 05.10.23 og i Representantskapet 27.10.23. Overføring av ikkje nytta investeringsmidlar eit år krev nytt vedtak i representantskapet. Då nokre av investeringsprosjekta ikkje var heilt fullført ved årsskifte 2023-2024 ser administrasjonen behov for å overføre resterande midlar på desse prosjekta frå 2023 til 2024.

Samandrag av saka:

Godkjent låneramma frå eigarkommunane er på 120 millionar kroner. SIMAS har pr 31.12.23 eit samla låneopptak på kr 85.155.930. I tillegg har SIMAS finansielle leasingavtalar med restsaldo på desse kr 204.029 pr 31.12.23.

For å gjennomføre planlagde investeringar i 2024 vil det bli teke opp nytt lån på kr 14.850.000 i samsvar med godkjent investeringsbudsjett. Samla lån etter nytt låneopptak vert kr 108.148.750. I tillegg kjem leasingavtalane.

Bruk og overføring av investeringsbudsjettet 2023.

Revidert investeringsbudsjett for 2023 var på 22,75 mill kr. Det vart brukt 15,76 mill kr, dvs 6,99 mill kr mindre enn budsjett. Redusert bruk skuldast i hovudsak følgande prosjekt som er under gjennomføring/planlegging;

- Prosjektering miljøstasjon Årdal
- Containerbil – levert i januar 2024
- Nytt VA-system
- Oppbygging verkstad
- Feltstyringssystem
- Hytterrenovasjon

Samla overføring av investeringsmidlar frå 2023 til 2024 blir då 4,97 mill kr.

Endringar i investeringsbudsjett 2024

Levering av containerbil var veldig lang. Denne vart difor ikkje levert i Festingdalen før mars 2024.

- Prosjektering av miljøstasjon i Årdal er litt forskyvd i tid. Det blir difor overført kr 100.000 til 2024.
- Det vart sett av midlar i investeringsbudsjettet til utbetring av avløpsnett i Festingdalen. I samband med revidert utsleppsløyve sommaren 2023 vart det sett fleire krav til kartlegging av vasstraumar og kvaliteten på desse. Norconsult har gjennomført ei vurdering av kostnader knytta til dette. Ein del av oppgraderinga har difor vorte utsett frå 2023 til 2024. Resterande midlar frå 2023 på kr 1.850.000 må difor overførast til 2024. Det er og nye krav som ein må gjennomføre i dei komande åra.
- Som følgje av ein del sjukefråvær på verkstaden har oppbygginga gått seinare enn planlagd. Ein har difor behov for å overføre ubrukte midlar med kr 120.000 til 2024
- Ein har i 2023 gjennomført anbodskonkurranse på levering av feltstyringsverktøy. Dette blir innkjøpt for ein prøvekommune i 2024. Budsjettmidlar på kr 300.000 må difor overførast til 2024.
- Hyttegruppa har ikkje fått gjennomført alle planlagde investeringar i 2023. Kr 500.000,- av ubrukte budsjettmidlar må difor overførast til 2024.

	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027	SUM
Maskiner og anlegg:	Revidert				
Hjullastar kompost L110		2 600 000			2 600 000
Gravemaskin	2 000 000				2 000 000
Kjøp av bilar og utstyr frå Årdal	3 000 000				3 000 000
Containerbil (byter inn containerbil)		1 700 000			1 700 000
Gravemaskin sortering			2 700 000		2 700 000
Kjøp av ny kvern til hageavfall. Denne er frå 2006		3 000 000			3 000 000
Varebil miljøstasjon med lift for Å-L-Au	700 000				700 000
Containerbil til miljøstasjon (byter inn skapbil)	2 100 000				2 100 000
Tømmerkran for henting av hageavfall	300 000				300 000
SUM maskiner og anlegg	8 100 000	7 300 000	2 700 000	0	18 100 000
Bygninger og tomter:					
Pressehøll, ny presse			3 000 000		3 000 000
Vaskeplass ved mat tipp	100 000				100 000
Komposteringsmottak, tak/tipp	1 000 000				1 000 000
Tak mottak slam	300 000				300 000
Miljøstasjon Årdal	600 000	6 500 000	6 000 000		13 100 000
Skilting - ny merkeordning	200 000				200 000
Rampe for fjerning snø frå tak	200 000				200 000
Tak sorteringsbingar	2 000 000	1 000 000			3 000 000
Hytterrenovasjon	500 000				500 000
Containerar/Rubhall ombruk	500 000				500 000
Oppbygging verkstad	120 000				120 000
Nytt VA system (tidligere sigevatn)	1 850 000				1 850 000
SUM Bygninger og tomter	7 370 000	7 500 000	9 000 000	0	23 870 000
Driftsløysere, inventar o.l.					
Konteinerar/nedgravde løysingar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
Dunkar	500 000	500 000	500 000	600 000	2 100 000
Digitalisering, maskiner og bilar	1 500 000	500 000			2 000 000
Feltstyringssystem	300 000				300 000
Forprosjekt forbetra sortering plast/papp	300 000				300 000
Diverse mindre investeringar:	750 000	750 000	750 000	750 000	3 000 000
SUM Driftsløysere, inventar o.l.	4 350 000	2 750 000	2 250 000	2 350 000	11 700 000
	19 820 000	17 550 000	13 950 000	2 350 000	53 670 000
Langsiktig lån	108 148 750	113 313 750	112 778 750	99 506 250	

Sak 09/24: Retningslinjer til klagenemnda i SIMAS

Tilråding til vedtak:

Styret rår representantskapet til å vedta utarbeida retningslinjer for klagenemnda i SIMAS IKS.

Utgreiing

Det er utarbeida retningslinjer for klagenemnda sitt arbeid som gjer tydeleg mandatet og oppgåva som ligg til klagenemnda.

Dokument

Vedlegg: Retningslinjer for klagenemnda i SIMAS IKS